

**Finansutvalet 07.03.2018**

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 10.00

**Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 1/18**

I FT-sak 59/17 Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 vart det i punkt 6 vedteke følgjande:

«Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan».

Finansutvalet startar no opp arbeidet med økonomiplandelen av budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Økonomiplanen skal vedtakast i juni. Hovudmålet med dette arbeidet er å trekke opp dei meir langsiktige linjene for den økonomiske utviklinga. Det vil såleis vere økonomiplanarbeidet no i vår som vert viktig for eventuelle overordna grep på tvers av sektorane og eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

Sektorrammene som skal leggjast til grunn for arbeidet er sett opp i tabellen nedanfor:

Økonomiske rammer	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
<b>Fellesinntekter og -utgifter - netto</b>	<b>-2 328,226</b>	<b>-2 298,710</b>	<b>-2 225,873</b>	<b>-2 226,528</b>
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	178,264	175,391	174,743	175,398
Opplæring	856,861	852,779	847,196	847,196
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	145,487	143,671	143,671	143,671
Samferdsle	1 065,979	1 045,234	978,628	978,628
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 328,226</b>	<b>2 298,710</b>	<b>2 225,873</b>	<b>2 226,528</b>

Dette arbeidsdokumentet omhandlar:

- Økonomiplanarbeidet og samanslåingsprosessen med Hordaland
- Føresetnader knytt til rullering av økonomiplanen til 2022
- Økonomiplanarbeidet våren 2018
- Innspel til nytt inntektssystem
- Orientering om aktuelle saker.

**1 ØKONOMPLANARBEIDET OG SAMANSLÅINGSPROSESSEN MED HORDALAND**

Den økonomiplanen vi no skal starte opp arbeidet med og som skal vedtakast av fylkestinget i juni 2018, har som utgangspunkt gjeldande økonomiplan 2019-2021. Økonomiplanen er i balanse, men den er saldert med bruk av fond. Vidare er den basert på mange føresetnader og vurderingar som vil kunne få økonomiske konsekvensar dersom dei vert endra.

I § 8 i reglementet for fellesnemnda står følgjande:

«Fellesnemnda får ansvaret for det førebuaende arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.»

Denne økonomiplanprosessen vert såleis den siste som eigen fylkeskommune. Med det utgangspunktet meiner fylkesrådmannen at arbeidet knytt til økonomiplanåra 2020-2022 bør spegle at vi då vil vere ein ny organisasjon. Det er også stor uvisse knytt til nye oppgåver og inntektsføresetnader, slik at rammevilkåra frå 2020 heller ikkje er på plass.

Tidlegare år er det gjennomført eit stort utgreiingsarbeid knytt til moglege innsparingstiltak på driftsbudsjettet. I fjorårets økonomiplanprosess vart merksemda retta mot investeringsbudsjettet og prioritering av investeringsprosjekt. Vi har difor ein ambisiøs økonomiplan med mange vedtekne og ikkje gjennomførte tiltak. Fylkesrådmannen meiner hovudfokuset i komande økonomiplan- og budsjettarbeid må vere å sikre plattformen for alt planlagde drifts- og investeringstiltak og sørgje for at desse i størst mogleg grad vert gjennomført i tråd med alt vedtekne føresetnader.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå følgjande tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018:

- Arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019
- For åra 2020-2021 er gjeldande økonomiplan utgangspunkt
- Økonomiplanåret 2022 vert ei vidareføring av 2021 justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/slutførte tiltak
- Økonomiske verkknadar av disposisjonar i 2019 vert innarbeidd for økonomiplanåra 2020-2022.

Med denne tilnærminga vert økonomiplanarbeidet slik vi kjenner det frå tidlegare år tona noko ned. Det vil vidare vere viktig å rette merksemda og ressursane mot arbeidet med å få på plass system og rutinar slik at fellesnemnda i 2019 kan starte opp sitt økonomiplanarbeid for åra 2020-2023. Dette er ei oppgåve som må ha prioritet no i 2018.

## Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018.

## 2 RULLERING AV ØKONOMIPLAN

### 2.1 Rullering av driftsrammer - føresetnader

2022 kjem no inn som nytt år i økonomiplanarbeidet. Fylkesrådmannen vil her gjere greie for kva føresetnader som førebels er lagt til grunn ved rulleringa av økonomiplanen og fastsettinga av driftsrammene for 2022.

Innarbeidd innsparingstiltak/-krav i sektorrammene på totalt 138 mill. kr. er vidareført til 2022.

Vidare er hovudtilnærminga at drifts- og inntektsnivået for 2021 – justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/slutførte tiltak – vert vidareført til 2022. Fram til vi får nye grunnlagstal er det også lagt opp til at følgjande postar vert vidareført på 2021-nivå:

- Regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar)
- Renteinntekter/rentekompensasjonsordningane for skulebygg og fylkesvegar
- Lokale inntekter
- Opptrappingsordninga for ekstraordinært vegvedlikehald.

Rammetilskotet er auka med forventa ferjeavløysingsmidlar på 20,2 mill. kr i 2022.

Når det gjeld kapitalutgifter knytt til bygginvesteringar, er nivået for 2021 vidareført. Det er i gjeldande økonomiplan føreset at auka kapitalutgifter seinare år vert kompensert med auka inntekter/reduerte kostnader. For kapitalutgifter knytt til veginvesteringar er også nivået for 2021 vidareført. Men i tillegg er det lagt inn auka kapitalutgifter på samla 40,1 mill. kr som følgje av låneopptak hovudsakleg på prosjekta:

- Fv. 606 ferjeavløysing Ytre Steinsund bru
- Fv. 614 Svelgen – Indrehus

For fv. 614 Svelgen - Indrehus er det enno for tidleg å sei noko om framdrift og fordeling av investeringskostnaden per år, slik at det førebels er teke utgangspunkt i eit nytt låneopptak på 426 mill. kr i 2022.

Med dei føresetnadane som er nemnt over syner den tekniske rulleringa at vi kjem ut med ei meirutgift på 76,7 mill. kr i 2022.

### Reversering av sluttsaldering for åra 2019-2021

Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 er for åra 2019-2021 saldert med bruk av bufferfondet. Det er naturleg å ta inn att sluttsalderinga frå gjeldande plan for å vurdere denne i lys av eventuelle nye rammeføresetnader.

Samla gjev dette følgjande verknad på salderingsbalansen for åra 2019-2022:

	2019	2020	2021	2022
<b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	
Rullering av økonomiplan				76,7
Reversering av sluttsaldering av økonomiplan 2019-2021	3,7	27,0	54,5	

### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av driftsrammene til 2022.

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2022, eit underskot på 76,7 mill. kr, vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2019-2021 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

## **2.2 Rullering av investeringsrammer – føresetnader**

Det vert her gjort greie for kva føresetnader som er lagt til grunn ved rullering av investeringsrammene frå 2021 til 2022. Ev. justeringar i gjeldande investeringsprogram vert handsama i det vidare arbeidet med økonomiplanen.

### Investeringsprogram for bygg

Det vert lagt opp til ei vidareføring av sekkepostløyvingane på bygg frå 2021 til 2022. Dette gjeld i hovudssak løyvingar til IKT, opplæring og tannhelse. Vidare er det lagt inn 226 mill. kr i den ufordelte potten til nye investeringar. Dette er i tråd med førebels framdriftsplan for prosjekta. Justering av ramma og fordeling på prosjekt vert gjort når føresetnadane er klare. Ramma for bygginvesteringar for 2022 vert etter rulleringa på samla 278,9 mill. kr.

### Investeringsprogram for fylkesveggar

Det vert lagt opp til ei vidareføring av sekkepostløyvingane frå 2021 til 2022. For prosjektet Svelgen – Indrehus er det lagt inn ei løyving på 526 mill. kr, noko som tilsvarar resterande løyving utover 2021. Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at prosjektet har svært usikker kostnadsramme, noko vi må kome attende til når oppdaterte føresetnader føreligg. For Førdepakken er føresett investeringsnivå på fylkesvegane lagt til grunn. Dette vert finansiert av det fylkeskommunale bidraget (28,3 mill. 2018-kr), mva. refusjon og bompengar.

Når det gjeld skredssikring opprettheld fylkesrådmannen intensjonen om at prosjekta skal fullfinansierast med statlege løyvingar. Det er staten sitt tilskotsprogram for skredssikring i perioden 2018-23 som legg rammer for det statlege tilskotet. Fylkeskommunane har utarbeida eit forslag til fordeling av ramma, men det endelege tilskotsprogrammet er enno ikkje kjent. Rulleringa er difor gjort med utgangspunkt i dei resterande løyvingane til i gangsette prosjekt. Dette gjeld Flovegen, Ljoteli og Kjenes. Fylkesrådmannen vil presisere at både kostnadsoverslag og framdriftsplan førebels er usikre, særleg for prosjektet Kjenes.

Ramma for fylkesveginvesteringar inklusive skredssikring for 2022 vert etter rulleringa på samla 1 247,3 mill. kr.

### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av investeringsrammene til 2022.

### 3 FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDELING OG FRAMDRIFTSPLAN

I gjeldande budsjett/økonomiplan er det lagt opp til slik prosess og framdrift i arbeidet med økonomiplan 2019-22 våren 2018:

Tidsrom	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
Mars 2018	Møte i finansutvalet. Oppstart av ny budsjettprosess.	FINU	
Mars - april	Innspel frå hovudutvala som sektorspesialistar.	HU	
Mai 2018	Møte i finansutvalet.	FINU	
15 mai	Framlegging av kommuneproposisjonen 2018	KMD	FRM
Mai 2018	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-22		FRM
Mai 2018	Hovudutvala si handsaming	HU	
Mai 2018	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2018	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

Den skisserte prosessen og framdrifta er tilsvarande som for tidlegare økonomiplanarbeid. Framlegging av kommuneproposisjonen er fastsett til 15. mai 2018.

#### 3.1 Bestilling til hovudutvala

Tidlegare år har hovudutvala hatt ei svært viktig rolle i samband med utgreiings- og prioriteringsarbeidet i «SFJ2019». I 2017 kom i tillegg prioriteringsoppgåver knytt til investeringsplanen.

Som tilrådd i pkt. 1 ønskjer fylkesrådmannen at arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019. Det gjeld også økonomiplanarbeidet til hovudutvala.

Fylkesrådmannen tilrår difor at arbeidet i hovudutvala no i vår i hovudsak dreiar seg om å finne best moglege tilpassingar innafør gjevne sektorrammer. Framlegg til tilpassingar må mellom anna sjåast i lys av følgjande moment:

- Gjev rekneskapsresultatet for 2017 grunnlag for rammejustering på enkelte område?
- Løysar vi ufordelte innsparingskrav som ev. er innarbeidd i sektorrammene?
- Sikrar framlegget god gjennomføring og «rett» effekt av alt vedtekne innsparingstiltak?
- Er ev. omprioriteringar innafør sektorramma synleggjort på oppgåve-/tiltaksnivå?

I tillegg bør hovudutvala få høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innafør sektorramma.

Fylkesrådmannen vil legge til rette for oppfølging av dette gjennom eigne budsjettsaker i hovudutvala i mars/april.

#### Tilråding

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innafør gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innafør sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

#### 3.2 Innspel frå råd og utval

Når finansutvalet – gjennom handsaminga av dette arbeidsdokumentet – har fastsett prosess, arbeidsdeling og arbeidsplan, vil fylkesrådmannen orientere ungdomspolitisk utval, fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne om dette. Vidare vil fylkesrådmannen invitere dei til å kome med eventuelle innspel/merknader til økonomiplanen 2019-2022.

## Tilråding

Finansutvalet tek prosessen i høve innspel frå råd og utval til vitande.

### 4 INNSPEL TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR FYLKESKOMMUNANE FRÅ 2020

Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) er no i gong med å utarbeide eit nytt inntektssystem som skal gjelde for dei nye fylkeskommunane/regionane frå 2020. Det er viktig å sikre at våre synspunkt på utforminga av inntektssystemet og kva som bør vektleggast vert formidla, og i størst mogleg grad vektlagd i KMD sitt arbeid. Vi har i tidlegare prosessar kome med innspel til kva inntektssystemet bør vektlegge og ta høgde for, og mange av desse innspela er framleis svært aktuelle. Dette vert nærare omtala under.

Gjeldande budsjett/økonomiplan legg også opp til at det skal setjast i gang eit arbeid mot statleg hald for å få vurdert tenlege finansieringsløyningar knytt til større veginvesteringar og statleg fullfinansiering av pålagde krav i høve tunnelforskrifta. Fylkesrådmannen ser det som høveleg å samordne arbeidet med å få vurdert meir tenlege finansieringsløyningar på vegsektoren med konstruktive innspel til arbeidet med det nye inntektssystemet.

Dette er utfordringar som også i stor grad er vesentlege for Hordaland fylkeskommune (HFK). Det vil difor vere aktuelt å samarbeide med HFK om eit felles innspel. Dette vil gje innspelet større tyngde og legitimitet overfor statleg hald.

Nytt inntektssystem vert lagt fram i mai 2019 som ein del av kommuneproposisjonen 2020. Det er difor viktig at innspelet er klart tidleg i haust (2018) for at KMD skal ha høve til å vurdere innspelet i sitt arbeid. Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at prosessen mot statleg hald vert lagt opp slik:

- Det vert snarast teke kontakt med HFK både på administrativ og politisk side. Målet er å forankre behovet i begge fylka, og arbeide med eit felles innspel til departementet.
- Dersom HFK responderer positivt på dette får fylkesrådmennene ansvar for å utarbeide eit meir omfattande grunnlag for innspelet i løpet av våren 2018.
- Innspelet vert politisk forankra i dei to fylkeskommunane tidleg på hausten 2018.
- Innspelet vert oversendt departementet i etterkant av politisk godkjenning i dei to fylkeskommunane.

### Aktuelle moment til innspelet – i første omgang retta mot HFK, deretter mot KMD

#### Kriteria knytt til behov vs kriterium knytt til folketal

Vår hovudkritikk av dagens inntektssystem har vore – og er framleis – at det i alt for stor grad legg vekt på folketalskriteria (stykkprisfinansiering), i staden for å auke innslaget av kriterium/normer som i større grad definerer kostnadane ved å yte likeverdige tilbod uavhengig av kvar ein bur i landet. Ei enkel summering av kostnadsnøklane i inntektssystemet viser at berre om lag 20-25 % tek omsyn til slike kriterium (reiseavstand, kystlinje, båtreiser og ulikt behov innanfor fylkesvegar), dei resterande 75-80 % er knytt til folketalet.

#### Endringar i rammeføresetnader og fullfinansiering av nye statlege pålegg/oppgåver

Dagens inntektssystem har ikkje i seg element som tek høgde for ekstraordinære utfordringar eller større endringar i rammeføresetnadane for drift av fylkeskommunale tenester. I tillegg ser vi at fylkeskommunane får statlege pålegg som ikkje vert fullfinansierte. Best ser vi dette innafor vegsektoren der mellom anna finansiering av pålagde krav etter tunnelforskrifta vert kraftig underfinansiert. Det same gjeld den kostnadsauken vi ser på nye ferjekontraktar som følgje av nye miljøkrav. Desse kostnadane er ikkje folketalsavhengige, og dei har ei ujamn geografisk fordeling som i liten grad er gjenspegla i inntektssystemet sine kriterium og vektlegginga av desse. Dette slår særleg negativt ut for oss, som har mange kilometer fylkesveg pr. innbyggjar, og utfordrande topografi med ferjer, tunnelar og bruer.

- Eksempel: I samband med innføring av tunnelforskrifta får vår fylkeskommune ein auke i statlege overføringar på 324 mill. i 2015-kr for å møte auka kostnader til opprusting av tunnelane, medan vi har kostnadsrekna våre utgifter for å nå minimumskrava til minst 1,7-1,8 mrd. 2015-kr. Dette betyr at vår fylkeskommune må løyse størsteparten av kostnadane innanfor midlar vi får frå rammetilskotet elles. Den manglande finansieringa vert ytterlegare utfordrande når vi veit at tildelingane i rammetilskotet i stor grad vert rekna utifrå tal innbyggjarar. For vårt fylke med mange tunnelar og relativt få innbyggjarar

vert det svært krevjande å finansiere ei slik restutfordring innafor dagens inntektssystem. Underfinansieringa medfører at vi må nedprioritere andre fylkeskommunale tenesteytingar om vi skal møte dei statlege krava i forskrifta.

### Eigne prioriteringskriteria

Ved enkelte høve prøver staten å «bøte på» svakheiter ved sine egne fordelingsystem ved å utarbeide prioriteringskriterium som grunnlag for deling av ulike nasjonale pottar/kompensasjonsordningar, men kjem ofte i skade for å undergrave desse prioriteringskriteria fordi den geografiske fordelinga eller folketalsfordelinga vert for ujamn. Døme på dette kan vere fordelinga av tapskompensasjonen i samband med innføring av nytt inntektssystem i 2015 og Vegdirektoratet sitt framlegg til deling av rassikringsmidlar til fylkesvegnettet i 2017.

- Eksempel 1: Ved innføringa av nytt inntektssystem vart det innført ein tapskompensasjon for fylkeskommunane som tapte som følgje av endringane. Det vart sagt at potten skulle dekke tapet for dei fylkeskommunane som tapte mest på omlegginga. Ei logisk tilnærming ville då vore at tapet pr. innbyggjar vart nytta som tildelingskriterium, og at tapskompensasjonen vart nytta til å kompensere det fylket/dei fylka som tapte mest pr. innbyggjar. Ei slik tilnærming ville ha gjeve Sogn og Fjordane og Nordland heile tapskompensasjonen fordi dei hadde tap pr. innbyggjar som låg «skyhøgt» over dei andre fylkeskommunane. I praksis vart ikkje dette resultatet. Tapskompensasjonen vart fordelt på tre ulike intervall. Dei som tapte mest fekk rett nok mest av tapskompensasjonen, men for å sikre ei betre «geografisk deling» vart det også gitt kompensasjon til fylke som tapte små beløp pr. innbyggjar samanlikna med oss og Nordland.
- Eksempel 2: I delinga av ramma til skredsikring for 2018-2023 har Vegdirektoratet gjort ei deling av ramma etter både prosjekt med «høg» og «middels» skredfaktor. Dette medfører at fleire av dei mest rassutsette punkta/strekningane ikkje får prioritering i tildelinga av midlar, medan andre fylkeskommunar får dekkja sine behov fullt ut til sikring på punkt/strekningar med middels skredfaktor. Fylkesrådmannen meiner at det er lite tillitsvekkande at ein går vekk frå å løyse dei mest rassutsette strekningane først, for å sikre ein betre geografisk deling av midlane.

### Finansiering av vegsektoren

Det kan også vere aktuelt å sjå på om dei økonomiske rammene og gjeldande finansieringsordning møter investeringsforventningane og vedlikehaldskostnadane fylkeskommunane overtok då ein større del av vegporteføljen vart overført frå staten i 2010.

Fylkesrådmannen ser at behovet for løyvingar på vegsida i Sogn og Fjordane er mykje meir omfattande enn det som let seg løyse innafor dagens finansiering av fylkeskommunen. HFK har mykje av dei same utfordringane på veg som oss.

Dagens inntektssystem har ikkje egne rammer/kriterium som skal møte investeringsbehov. Dette gjer at fylkeskommunar med ein liten driftsøkonomi får svært avgrensa evne til å gjennomføre større investeringsprosjekt. Dette gjer at investeringar på fylkesvegane i all hovudsak må lånefinansierast. Investeringane vert store i høve evna til å møte lånegjelda.

### Tilråding

Det vert teke kontakt med Hordaland fylkeskommune både på administrativ og politisk side, med tanke på å få til eit felles innspel i høve nytt inntektssystem. Dersom HFK responderer positivt på dette, får fylkesrådmennene i oppdrag å utarbeide eit innspel til KMD sitt arbeid med nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020.

Innspelet skal politisk forankrast før det vert sendt til KMD hausten 2018.

## **5 ANDRE SAKER**

Fylkesrådmannen vil i punkta nedanfor orientere finansutvalet om nokre aktuelle saker som kan påverke dei økonomiske rammene for fylkeskommunen.

### **5.1 Rekneskap 2017**

Rekneskapsresultatet for 2017 syner så langt eit overskot på 44,5 mill. kr. Pressemeldinga som vart lagt fram i samband med offentleggjinga av rekneskapsresultatet 16. februar 2018 følgjer som vedlegg 1. Fylkesrådmannen har no starta opp arbeidet med å vurdere om rekneskaps-

resultatet er av ein slik karakter at det gjev grunnlag for rammejusteringar. Resultatet frå dette arbeidet vil fylkesrådmannen kome attende til.

Fylkesrådmannen vil i juni legge fram ei eiga sak til fylkestinget om rekneskapen for 2017 og disponeringa av resultatet.

## 5.2 Tilskot til idrettsanlegg

Ved handsaming av budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 i desember 2017 bestilte fylkestinget ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018. Fylkesrådmannen vil orientere om at arbeidet med saka er starta opp og vil bli lagt fram for fylkestinget i juni.

## 5.3 Nytt opplæringsfartøy

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav i 2016 tilskot på 0,2 mill. kr til Opplæringsfartøy AS for å gjennomføre arbeidet med å prosjektera eit nytt opplæringsfartøy og få ein kvalitetsssikra pris frå verft på kostnadane, jf. HNK-sak 69/16. Dette arbeidet er no gjennomført, og Opplæringsfartøy AS opplyser at pris for det prosjekterte fartøyet er rekna til om lag 100 mill. kr ekskl. mva.

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med:

- Fylkeskommunen sitt behov for nytt opplæringsfartøy – alternativ for framtidig løysing av praksisopplæring for elevar og studentar i maritim og marin opplæring. Det vert også vist til FT-sak 45/12 *Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane – alternative løysingar.*
- Eige/leige av opplæringsfartøy – juridiske tilhøve
- Finansiering av eit eventuelt nytt opplæringsfartøy.

Fylkesrådmannen vil kome attende til saka.

## 5.4 Nye oppgåver for fylkeskommunane

Det er enno stor uvisse knytt til den nye oppgåveporteføljen for fylkeskommunane frå 2020 og kva for økonomi som ev. følgjer med. Vi veit at t.d. Riksantikvaren er svært positiv til å overføre oppgåver i høve kulturminneforvaltninga, og viss det vert vedteke vil det krevje ytterlegare kapasitet og kompetanse hos oss.

Viss kommuneproposisjonen 2019, som vert lagt fram i mai, gjev signal på at nye oppgåver med tilhøyrande økonomiske rammer vert overført til fylkeskommunane, meiner fylkesrådmannen at aktuelle sektorrammer må bli justert som ein konsekvens av dette.

## 6 FØREBELS SALDERINGSSKISSE OG VIDARE ARBEID

I dette arbeidsdokumentet er det ikkje tilrådd nokon endringar som gjev utslag på salderingsbalansen i høve utgangspunktet frå gjeldande økonomiplan. Dette medfører at den førebelse salderinga, som vist i tabellen i pkt. xx, viser eit underskot, og dette er aukande i økonomiplanperioden. Det er i hovudssak auke i kapitalutgiftene knytt til veginvesteringar, ved rulleringa av rammene frå 2021 til 2022, som gjer at underskotet aukar frå 54,5 mill. kr til 76,7 mill. kr.

Neste møte i finansutvalet er sett til 2. mai. Då vert innspel til økonomiplanarbeidet frå hovudutvalsmøta i mars/april lagt fram. Eventuelle rammejusteringar som følgje av rekneskapen 2017 vert også presentert i dette møtet.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. Pressemelding – Fylkeskommunen sin rekneskap 2017

### Kopi til:

Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe

## **TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 1/18**

### **1 ØKONOMPLANARBEIDET OG SAMANSLÅINGSPROSESSEN MED HORDALAND**

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018.

### **2 RULLERING AV ØKONOMIPLAN**

#### **2.1 Rullering av driftsrammer - føresetnader**

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av driftsrammene til 2022.

Resultatet av den tekniske rulleringa av driftsrammene for 2022, eit underskot på 76,7 mill. kr, vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

Sluttsalderinga av økonomiplan 2019-2021 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

#### **2.2 Rullering av investeringsrammer – føresetnader**

#### Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til føresetnadane for rullering av investeringsrammene til 2022.

### **3 FRAMLEGG TIL PROSESS, ARBEIDSDDELING OG FRAMDRIFTSPLAN**

#### **3.1 Bestilling til hovudutvala**

#### Tilråding

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innafør gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansiere innafør sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

#### **3.2 Innspel frå råd og utval**

#### Tilråding

Finansutvalet tek prosessen i høve innspel frå råd og utval til vitande.

### **4 INNSPEL TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR FYLKESKOMMUNANE FRÅ 2020**

#### Tilråding

Det vert teke kontakt med Hordaland fylkeskommune både på administrativ og politisk side, med tanke på å få til eit felles innspel i høve nytt inntektssystem. Dersom HFK responderer positivt på dette, får fylkesrådmennene i oppdrag å utarbeide eit innspel til KMD sitt arbeid med nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020.

Innspelet skal politisk forankrast før det vert sendt til KMD hausten 2018.

### **5 ANDRE SAKER**

#### **5.1 Rekneskap 2017**

#### **5.2 Tilskot til idrettsanlegg**

#### **5.3 Nytt opplæringsfartøy**

#### **5.4 Nye oppgåver for fylkeskommunane**

Punkta 5.1-5.4 er utan tilråding

### **6 FØREBELS SALDERINGSSKISSE OG VIDARE ARBEID**

Punkt 6 er utan tilråding



